



RIKSARKIVAREN

Kommuneoverlege Inger Cecilia Uglenes

inger.uglenes@austevoll.kommune.no

Dykkar ref.
16.01.2017

Vår ref.
2017/1367 JOEN

Dato
20.02.2017

Bevaring av arkiv etter distriktslegen i Austevoll

Vi viser til e-post av 16.01.2017 og seinare korrespondanse.

Kommunelegen i Austevoll har i sitt arkiv 32 protokollar etter distriktslegen i Austevoll kommune, med opplysningar frå perioden 1900-1973. Dette dreier seg om legeprotokollar, protokollar over vanføre, tuberkuloseprotokoll, sinnsykeprotokoll, vaksineprotokollar, dødsmeldinger, offentleg forpleiing, røntgenprotokoll og epikrise- og postprotokollar.

Med heimel i lov av 4. desember 1992 nr. 126 (arkivlova) § 9 bokstav c vedtek Riksarkivaren at desse protokollane skal bevarast.

Riksarkivet vil ta snarleg kontakt om avleveringa av protokollane til depot.

Når det gjeld det øvrige materialet etter distriktslegen som kommunen skal behalde, må ikkje noko av dette kasserast utan etter særskilt samtykke frå Riksarkivaren.

Med helsing

Espen Sjøvoll
avdelingsdirektør

Jørgen Engestøl
rådgjevar

Dette brevet er godkjend elektronisk, og har derfor ingen handskreven signatur.